

Årsmelding for Norsk Bygdesagforening 2023

Organisasjonen:

Samansetning av styret 2023:

Styreleiar:	Ivar Grøndahl	Løten
Styrets nestleiar:	Rune Skjørestad	Hommersåk
Styremedlem:	Magnus Hanoa Øverland	Malmefjorden
Styremedlem:	Torgeir Hjalte	Harstad
Styremedlem:	Olaf Dybvad	Hell

Det har i 2023 vore halde 6 styremøte, der 5 var digitale. 1 fysisk styremøte vart halde i samband med årsmøtet i Loen i februar. Det har vore handsama 36 styresaker i 2023.

Vi har framleis dei «gamle» fylkesinndelingane og våre kontaktpersoner der er:

Østfold	Arne-Martin Aaserød
Akershus	Roar Sørgård
Oppland	Per Arne Jostad
Hedmark	Ivar Grøndahl
Vestfold	Runar Bekkeseth
Agder	Jens Kristian Berglund
Telemark	Asbjørn Roheim
Buskerud	Øyvind Wiger
Rogaland	Åsmund Bakka
Hordaland	Pål Solberg
Sogn og Fjordane	Jan Arild Vatnelid
Møre og Romsdal	Herman Hervåg
Sør-Trøndelag	Håvard Sunnset
Nord-Trøndelag	Ottar Staberg
Troms	Arild Kulseng-Hansen
Finnmark	Helge Molvig

Fylkeskontaktane er viktige aktørar i foreninga, sjølv om dei ikkje er pålagde mange oppgåver i organisasjonen. Fylkeskontaktane sit med nyttig oversikt og god regional kompetanse som administrasjonen har god nytte av. Kursorganisering og andre aktivitetar blir ofte iverksett på grunn av at fylkeskontaktane tek kontakt med administrasjonen.

Ungdomsgruppa

Norsk Bygdesagforening har ei eiga ungdomsgruppe, som pr. Dato har 13 medlemmar. Gruppa vart starta i 2020, men fekk ein litt vanskeleg start då pandemien kom. I 2021 hadde gruppa eiga samling på Voss, med møter, bedriftsbesøk og sosialt samvær. Eit av dei prioriterte områda som ungdomane var kompetanseheving innan materialkvalitet og krav til restaureringsvirke. Norsk Bygdesagforening organiserte kurs på Dovre innan desse tema, men få av dei i ungdomsgruppa hadde anledning å delta, så vi opna dermed opp for påmelding frå alle.

Styret har oppnemnt Magnus Hanoa Øverland til å vere kontaktperson i styret. Styret har diskutert framtida til ungdomsgruppa vil vurdere andre måtar å støtte opp om rekruttering til bransjen vår.

Administrasjon

I 2023 utgjer den administrative ressursen i Norsk Bygdesagforening dagleg leiar i 100% stilling og innleige av Kompetansepartner v/Ragnhild Lunde til og med mars 2023 og Anita Sæten frå april 2023 i ca 40% stilling. Kontoradressa er som tidlegare Tonningsgata 42 i Stryn sentrum der begge har kontorplass.

Medlemstal

Per desember 2023 er det registrert 243 ordinære medlemmar i foreninga. Dette er 3 medlem færre enn året før, så antal har holdt seg stabilt sidan 2022. I tillegg har vi eit stabilt antal interessedlemsskap på 21 stk. og bladabonnentar på Sagbladet på 96 stk.

Medlem fordelt på fylke:

Agder:	25 medlem
Innlandet:	47 medlem
Møre og Romsdal:	17 medlem
Nordland:	14 medlem
Oslo:	1 medlem
Rogaland:	18 medlem
Troms og Finnmark:	7 medlem
Trøndelag:	34 medlem
Vestfold og Telemark:	14 medlem
Vestland:	37 medlem
Viken:	28 medlem
Sverige:	1 medlem

Arrangement i regi av Norsk Bygdesagforening 2023

Årsmøte:

Årsmøtet var gjennomført på Hotel Alexandra i Loen 17. – 19. Februar 2023.

Kurs:

Det er i 2023 blitt arrangert 7 kurs i regi av foreininga – 4 stk på vårparten og 3 på haustparten:

- 9. – 10. januar i Velfjord:	Sortering av konstruksjonsvirke	- 13 deltakarar.	Kursleiar: Trond Kalstad
- 9. - 10. mars i Hattfjelldal:	Drift av sirkelsag - 8 deltakerar		Kursleiar: Ottar Staberg
- 27. - 28. mars på Løten:	Sortering av konstruksjonsvirke	- 16 deltakarar.	Kursleiar: Trond Kalstad
- 8. – 9. mai i Sykkylven:	Sortering av konstruksjonsvirke	- 5 deltakarar.	Kursleiar: Trond Kalstad
- 25. - 26. oktober i Seljord:	Sortering av konstruksjonsvirke	- 9 deltakarar.	Kursleiar: Trond Kalstad
- 2. – 4. november på Dovre:	Materialkvalitet og virkesutnytting	- 10 deltakarar.	Kursleiar: Steinar Moldal
- 10. november på Løten:	Tørking av trelast – 15 deltakarar.		Kursleiar: Ivar Grøndahl

Dette året har vi engasjert fire ulike kursinstruktører: Trond Kalstad, Ottar Staberg, Steinar Moldal og Ivar Grøndahl. Vi har fått berre gode tilbakemeldingar på kursa våre og det er tydelig at medlemmar og andre set pris på at kursa vert arrangert rundt om i landet og er tilpassa deltakarane.

Studietur

14. – 16. Mai arrangerte Norsk Bygdesagforening studietur til Lignamesa i Hannover. Turen vart planlagt og bestilt i lag med Norske Trevarer. Frå vår organisasjon deltok 21 personar. Messa er svært stor og det meste av utstyr ein kan tenkje seg er utstilt, alt frå skrujarn til store limtrepresser og robotar. Turen bidrog til både fagleg utbytte og nettverksbygging. Dagleg leiar deltok som reiseleiar på turen.

Fagdag

11. november vart det arrangert fagdag og sagbruksdemonstrasjon i samarbeid med Tretorget på Løten, støtta av Innlandet Fylkeskommune. Totalt deltok 38 personar på arrangementet. Det vart sett fokus på 3 ulike hovudtemaer: Råstofftilgang til bygdesagene, krevande kundar/materialkunnskap og bygdesagene sine utfordringar og muligheter. Fagdagen vart avslutta med besøk på Løten Bygdesag AS der ein fekk demonstrert den nye stokkvognsaga som er nyinnkjøpt. Tretorget stod for oppsummering og rapport frå fagdagen.

Prosjektarbeid:

Foreininga er avhengig av ulike typar prosjektarbeid for å kunne halde administrative ressursar og økonomi på det nivået vi har i dag. Prosjekta er med på å utvikle både foreininga og medlemsbedriftene. Med begrensa ressursar er det viktig for foreininga å engasjere seg innan dei områda våre medlemmar har mest nytte av. Kompetanse, nettverk og marknadsføring har vore og er prioriterte områder.

Prosjekt Digital Marknads plass

I 2020 starta vi opp eit forprosjekt for å verifisere om det er interesse i heile verdikjeda til å etablere ein nasjonal database for skog og treprodukt (små- og mellomstore bedrifter). Det vart i 2022 arbeida vidare med ideen om ein portal og vi fekk fleire interessante samarbeidspartnarar til å interessere seg for prosjektet.

Det vart i 2023 sendt søknad om midlar til prosjektet gjennom Kystskogmidlane og vi fekk 30. mai bekrefting på at vi hadde motteke 1,2 millionar kroner i økonomisk støtte (av ein total kostnad på kr. 3 millionar).

Våre samarbeidspartnarar i prosjektet er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal v/Tredriveren, Innotre v/Maya Bærli Twedt og Norske Trevarer v/Monica Werdahl Eriksen. Inger-Marie Svingeset er prosjektleiar i prosjektet og Norsk Bygdesagforening er prosjekteigar. Prosjektet er godt i gang, og vil bli ei stor arbeidsoppgåve i 2024. Prosjektet er no fullfinansiert ved at Innovasjon Norge gav oss tilsagn på kr. 600.000 i slutten av 2023.

Rådgjevingsteneste:

I 2023 har foreininga etablert ei ny teneste til medlemmane der dei kan nytte seg av rådgjevingsteneste. Dette er tenkt til medlemmar som ønskjer hjelp og ein diskusjonspartnar i samband med utvikling av bedrifta. Foreininga har fått støtte til dette prosjektet gjennom Skogfondmidlar. Prosjektet skal gå over 3 år.

Kartlegging av trebedrifter i Møre og Romsdal fylke

I 2020 gjennomførte Norsk Bygdesagforening ei kartlegging av alle skog og trebedrifter i Vestland fylke. Dette vart godt mottatt i næringa og ein database vart publisert på www.sag.no. Her kan ein søkje i alle type bedrifter og finne kontaktopplysningar og kva kvar enkelt både kjøper av råstoff og sel av produkter. I 2023 har same kartlegginga blitt gjennomført i Møre og Romsdal. Også denne kartlegginga er publisert under trebedrifter på vår nettside. Prosjektet er finansiert av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Sagbladet

Medlemsbladet vårt er i år produsert i 4 utgåver i 2023 med variert stoff, men bransjerelatert. Vi får gode tilbakemeldingar på bladet og medlemmane set pris på eit reint fagblad. Det er utfordrande å produsere 24 s fagstoff x 4 utgåver for året i tillegg til dei mange andre arbeidsoppgåvene i organisasjonen. Vi får det likevel til fordi vi har gode bidragsytarar. Vi har også nytta oss av samarbeid med andre tidsskrift og skribentar. Medlemsbladet er viktig for medlemmane og ein bærebjelke i organisasjonen. Annonse sal har gått greit også i 2023 med ei auke i inntektene. Vi har sett ei grense på maksimalt 6 sider til annonser og vi har dekt 5-6 sider i kvar utgåve dette året.

Ny nettside

www.sag.no har kome i ny utgåve i 2023. Styret har lenge hatt planar om fornying av nettsida, men ein har ikkje funne ressursar til å arbeide med dette tidlegare, derfor gledeleg at den no er på plass. Dagens samfunn krev at ein som organisasjon er å finne på digitale plattformer. Som leverandør har vi brukt Vekstkonsult på Rennebu. Vi har også tilbod til medlemmane på leveranse av nettsider frå same firma.

Det blir viktig å få lagt inn meir informasjon på kvart medlem i tida framover, då mange medlemmar ikkje har registrert produkt eller produktkategori.

Skilt til medlemmane

Til årsmøtet i Loen i februar fekk vi produsert opp skilt med logoen til Norsk Bygdesagforening og teksten «Stolt med av». Skilta vart produsert av Fluor-Lux i Stryn og er laga i aluminium. Skilta skal vere til marknadsføring av foreininga ute i medlemsbedriftene. Det vart kjøpt inn 50 skilt og vi har seldt 22 stk. i 2023.

Fagbøker

Sommaren 2023 kjøpte Norsk Bygdesagforening alle rettigheter til 3 lærebøker som Knut Øverby har skrive. Tittelen på bøkene er: Bygdesaga, Tørking og Høvleriet. Vi sel no desse bøkene til alle interesserte, men med rabatt til medlemmar. Det har blitt seld meir enn 100 bøker sidan vi overtok rettighetene. Bøkene blir også brukt som kursmateriell på kurs i regi av foreininga.

Økonomi

Rekneskapan for 2023 vil ikkje vere klar før i februar 2024, men vi har også i 2023 hatt eit aktivt år med stor kursaktivitet og fleire prosjektarbeid i gong. Foreininga driv nøkternt og har minimale utgifter innan ordinær drift og reiseaktivitet. Medlemskontingent og prosjektmidlar er bærebjelkane i inntektene og lønn og kontordrift er dei største postane på utgiftsida. Vi får i 2023 ein stor auke i medlemskontingentinntektene. Dette på grunn av mange nye medlemmar i 2021 og 2022 som først i 2023 betalar full kontingentsats.

Økonomisk støtte til kursa:

9. – 10. januar i Velfjord: Kurs i drift av sirkelsag –	Støtta av Nordland Fylkeskommune
27. - 28. mars på Løten: Sortering av konstruksjonsvirke –	Støtta av Statsforvalteren Innlandet
8. – 9. mai i Sykkylven: Sortering av konstruksjonsvirke –	Støtta av Møre og Romsdal Fylkeskommune
25. - 26. oktober i Seljord: Sortering av konstruksjonsvirke –	Støtta av Seljord kommune

Styret i Norsk Bygdesagforening meiner økonomien i foreininga er på eit greit nivå og god kontroll på drifta. Rekneskapan blir presentert i samband med årsmøtet i Kristiansand og i Sagbladet nr. 2- 2024.

Oppsummering:

Styret i Norsk Bygdesagforening er godt nøgd med aktiviteten i foreininga for 2023, då det har blitt gjennomført fleire arrangement enn planlagt og nye prosjekt har blitt etablert. Gjennom året har også foreininga inngått prosjektsamarbeid med fleire viktige aktørar som Innotre og Norske Trevarer og Statsforvalteren i Møre og Romsdal. Med liten administrasjon er det viktig å ha aktørar å samarbeide med. I løpet av året har vi også vore gjennom ei endring i administrasjonen der Ragnhild Lunde har avslutta sitt arbeid for Norsk Bygdesagforening og vi leiger no inn Anita Sæten i omlag same omfang. Utlysings- og tilsetjingsprosess samt opplæring har også vore gjennomført dette året. Vi takkar Ragnhild for innsatsen gjennom 6 ½ år.

Vi vil også takke alle våre annonsørar som gjer det mogleg for oss å kunne produsere vårt medlemsblad. Vidare til alle som har bidrege økonomisk til våre aktivitetar og prosjekt i 2023: Kystskogbruket, Landbruksdepartementet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal, Landbruksdirektoratet, Nordland fylkeskommune, Statsforvalteren i Innlandet, og Seljord Kommune.

Stryn 27.01.2024

Ivar Grøndahl
leiar

Rune Skjørestad
nestleiar

Olaf Dybvad
styremedlem

Torgeir Hjalte
styremedlem

Magnus Hanoa Øverland
styremedlem